





25 fots container brukt som testarena for å kveikja gløden for fellesnaust

25 fots container brukt som naust for to tradisjonsbåtar

Utvendige mål: L 7,82 m B 2,55 m 2,93 m

Innvendige: L 7,62 m B 2,44 m 2,60 m



Det må sveisast solide ringar der ein kan festa taublokkjer, slik at ein kan heisa ein båt oppunder taket og ha ein annan båt ståande på golvet.



Containeren sett frå dørenden med to båtar.

Alle tau vert leia via blokker til det eine hjørnet. Der vert dei samla og kobla på krok/wire frå vinsjen. Med vinsjen kan ein heva/ seinka krybba som båten står på. Det må lagast ein sikring som sikrar at ikkje båt/krybbe kan ramla ned. Evt. kan det også lagast til eitt sett armar til på krybba, desse bør stå om lag ved midtbandet til båten.





Vandringa på wiren vert lang når krybba er senka ned til golvet.





Vandringa på wiren vert kort når krybba er heist opp til taket.



Med fire båtar/to containerar kan ein få til utprøving av fellesnaust-tanken i praksis. La containerane stå 1-2-3 ulike stader i løpet av sesongen til utprøving for å la folk prøva båtane og kveikja gløden som skal til for å etablera fellesnaustanlegg.





Ein kan ha meir permanente eller lause lunnar av større trestokkar eller laga til ein taustige med høvelege lunnar som ein monterer for kvar landsetjing.





25 fots container er også stor nok til at ein kan trilla inn ein tilhengar med båten oppå og stengja dørene.




For å komma i gang kjapt, kan ein anten låna inn brukbare båtar frå lokalmiljøet eller kjøpa inn båtar i god stand på td. [www.finn.no](http://www.finn.no)

Kjell Magnus Økland 25. desember 2017